



KOMMUNEREFORMA

Nærheit viktig innan helse

Brukarane ved omsorg og kvalifisering må få bu i sitt lokalmiljø og få tenestene der. Og dei demente bør vere ved sjukeheimen i sin del av ein eventuell ny kommune.

Marta Kjøllesdal

marta@boblad.no – tlf 976 88 692

Det meiner representantar for brukarane ved eining for omsorg og kvalifisering og ved Bø sjukeheim som Bø blad har snakka med.

I intensjonsavtala heiter det at administrasjonen for helse og omsorg i ein eventuell ny Midt-Telemark-kommune skal lokalisert i Nome. Dei største tenesteområda blir lokalisert der dei er, basert på prinsippet om at tenestene skal leverast nærast mogleg brukarane. Samtidig er helse og omsorg ein av sektorane der mange trur ein har noko å hente på samarbeid, blant anna ved spesialiserte avdelingar. I diskusjonen under utarbeiding av intensjonsavtala sa ordførar Olav Kasland at det for eksempel kan vere aktuelt å legge eit demenssenter til Lunde. Ved å ha eit felles senter vil ein kunne spesialisere seg.

Ikkje samle demente

– Omsorg for demente bør vere fast del av sjukeheimen og heimesjukepleia. Dersom det blir samanslåing av dei tre kommunane bør det vere sjukeheimar i alle dei gamle kommunane, som no.

Det seier Jakob Vaskinn. Han er medlem i brukar- og pårørandeutvalet for Bø sjukeheim, men understrekar at utvalet er så



Må forstå behova. Margit Helga Thoen meiner det er viktig at det er nærheit til både politikarar og einingsleiarar for at dei skal forstå behova til kvar av dei utviklingshemma.

nystarta at dei ikkje har diskutert denne problemstillinga. Det han seier er derfor hans personlege mening. Vaskinn er klar på at dei demente også må halde fram med å bu på sjukeheimane der dei høyrer til, ikkje samlast på ein plass.

Gjeld veldig mange

Vaskinn seier at ein veldig stor del av dei som er ved Bø sjuke-

heim har demens. Han meiner at mange tiltak kan gjerast for at dei skal få det betre. Det er nokre som det er fare for at kan rømme, dei må vere på ei skjerma avdeling. Dei andre meiner Vaskinn bør vere på vanlege avdelingar på sjukeheimen i sin del av kommunen.

Vaskinn meiner også at heimesjukepleia må kome meir og tidlegare inn når folk blir demente og støtte dei pårørande.

– Når folk kjem på sjukeheimen er dei veldig dårlege. Pårørande treng avlastning. Hjelp heime kan utsette den dagen den eldre kjem på sjukeheimen, meiner Vaskinn.

Lite å spare innan omsorg

– Det er neppe noko å spare innan eininga omsorg og kvalifisering, trur brukarrepresentant Margit Helga Thoen.

Ho meiner det viktige er at brukarane er i sitt lokalmiljø og får tenestene der.

Eining omsorg og kvalifisering omfattar både Bø arbeidssenter, flyktningtenesta, vaksenopplæringa og bustadar for utviklingshemma.

– Dei som brukar bustadane må få bu nær familien, det vil vere for langt å flytte dei til Ulefoss for eksempel, meiner Thoen.

Ho seier at dei også må ha aktivitetane nær der dei bur.

– Dei har familie og er ein del av gatebildet, dei høyrer til der. Det betyr mykje for trivselen, meiner Thoen.

Må forstå behova

Ho er også oppteken av at det er viktig at det er nærheit til både politikarar og einingsleiarar for at dei skal forstå behova til kvar

av dei utviklingshemma.

– Dette er menneske med svært ulike behov og utviklingsnivå og dei har alle rett på eit verdig og godt liv, både når det gjeld aktivitetar og omsorg, seier Thoen.

Så sant dette er oppfylt ser ho ikkje så store forskjellar på om det er tre eller ein kommune i Midt-Telemark. Men ho ser at det kan vere vanskelegare med nærheita til politikarar og einingsleiar om det blir ein samanslått kommune.

– Eg trur det kan bli enklare å setje saman dagtilbod for nokre av brukarane i ein samanslått kommune, ikkje minst dei mest velfungerande, seier Thoen.

Ho ser også at det kan vere enklare å utveksle erfaring, men understrekar at ho er veldig godt tilfreds med fagapparatet i Bø.

Arkiv:

Les alt Bø blad har skrive om kommunereforma på www.boblad.no

 Bøblad